



**Opinion:**

# **Innbyggjarundersøking Kommunereforma**


Undersøkinga er gjennomført for  
kommunane Fjell, Øygarden og Sund

Gjennomført april-mai 2016

Overlevert 20. mai 2016

# Kort om undersøkinga

- **Bakgrunn og mål:** Kartleggje haldningar og kunnskap knytt til kommunereforma blant innbyggjarane i kommunane Fjell, Øygarden og Sund
- **Oppdragsgjevar:** Kommunane Fjell, Øygarden og Sund
- **Kontaktperson:** Vignleik Brekke
- **Målgruppe:** Representativt utval av innbyggjarane (16 år+)
- **Talet på respondentar (n=):** 1000 i Fjell, 602 i Øygarden, 598 i Sund
- **Metode:** Telefonundersøking (CATI)
- **Vekting:** Resultata er vekta på kjønn og alder
- **Tidspunkt for datainnsamling:** 18./21./22. april – 9. mai 2016
- **Feilmargin:** Sjå feilmargintabell side 5
- **Spørjeskjema:** 6 hovudspørsmål, 3 bakgrunnsspørsmål
- **Ansvarleg konsulent:** Henrik Høidahl, hh@opinion.no, tlf. 992 61 015



Kilde: <http://www.varnyekommune.no/>


# Kommunereforma

Kommunesamanslåing har stått på agendaen dei siste åra. Det er 50 år sidan siste kommunereform og mykje har skjedd når det gjeld oppgåver og ansvar sidan den gong. Stortinget har gjeitt tilslutning om å gjennomføre ei ny kommunereform som skal gje ny kommunestruktur og nye oppgåver til kommunane. Målet er større og meir robuste kommunar. Dette blir rekna som nødvendig for å møte morgondagen sine utfordringar og stadig aukande forventningar hjå innbyggjarane.

Ei innbyggjarhøyring, som verktøy i kommunereforma, vil...

- 1) Gje innspel og kunnskap, blant anna til dei folkevalde, om kva innbyggjarane i kommunen er opptekne av og kor dei kjenner tilhøyring
- 2) Identifisere synet til innbyggjarane på kommunesamanslåing
- 3) Føre til auka merksemd om kommunereforma og heve innbyggjarane sitt engasjement rundt reforma

I denne rapporten er resultata på hovudtalsnivå (totalbasen) frå dei tre innbyggjarundersøkingane lagt inn i dei same grafane for å kunne samanlikne funn. For nedbrytingar på bakgrunnsspørsmål viser vi til resultattabellar i Excel.



Kilde: <http://www.varnyekommune.no/>

# Om undersøkinga

## Samansetting av utvalet og representativitet

- Målgruppa, 16 år og eldre, kan identifiserast i sentralt befolkningsregister
- I kvart område av kommunen blir det trekt eit tilfeldig utval, der alle har same muligheit til å bli valt
- Utvalet blir med andre ord tilrettelagt ved sannsynsutval
- Utval blir trekt på postnummer
- Dette gjev eit godt og representativt utval i tettstadane
- Vidare blir det vekta på kjønn og alder slik at utvalet i undersøkinga speglar folkesamansetnaden i kommunen



## Kontrollrutinar

- Samarbeidspartnar på datainnsamling, Norstat Norge AS, og Opinion AS har gode kvalitetsrutinar for å avdekkje skeivheiter i utvalet og eventuelle feil i samband med datainnsamlinga. Desse rutinane inkluderer:
  1. Rett rekruttering/opplæring av intervjuarar
  2. Innlytting/vegleriing gjennomført av spesialopplærde vegleiarar/intervjuleiarar på produksjonsstaden
  3. Dialerstatistikk på kvar intervjuar si arbeidstid, inkludert gjennomsnittleg intervjutid, talet på fråfall og pålogga tid
  4. Kontroll av svarmønster på intervjuarnivå, der det blir fokusert på eventuelle avvik i svara som er gitt
  5. Minst mulig grunnlag for at intervjuar skal kunne påverke utval av respondentar
  6. Råmaterialet er gått nøye igjennom før veking av data, vidare bearbeiding og rapportering



# Feilmargintabell

Alle undersøkingar har feilmargar. Feilmargarane heng saman med statistisk uvisse. Dette er skeivheiter i utval, som medfører at utvalet ikkje er identisk med universet eller målgruppa. Skilnadar kan knyte seg til bestemte kjenneteikn eller åtferd.

Feilmargarane ved ulike utvalstorleikar og prosentresultat ved 95% signifikansnivå er synt i tabellen til høgre.

Ved ein base på 1000 (n=1000), der vi har ein populasjonsstorleik på ca. 18100, kan vi med 95% sannsyn seie at det korrekte resultatet ligg innanfor  $\pm 1,3$  og  $\pm 3,0$  prosentpoeng, avhengig av prosentresultatet sin storleik. Uvissa er størst ved eit prosentresultat på 50% og minst ved prosentresultat på 5%/95%.

	Prosentresultat		Fjell: Populasjonsstorleik ca. 18100							
	5,0 %	10,0 %	15,0 %	20,0 %	25,0 %	30,0 %	35,0 %	40,0 %	45,0 %	50,0 %
Utvalsstorleik										
400	2,1 %	2,9 %	3,5 %	3,9 %	4,2 %	4,4 %	4,6 %	4,7 %	4,8 %	4,8 %
600	1,7 %	2,4 %	2,8 %	3,1 %	3,4 %	3,6 %	3,8 %	3,9 %	3,9 %	3,9 %
800	1,5 %	2,0 %	2,4 %	2,7 %	2,9 %	3,1 %	3,2 %	3,3 %	3,4 %	3,4 %
1000	1,3 %	1,8 %	2,2 %	2,4 %	2,6 %	2,8 %	2,9 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %

	Prosentresultat		Øygarden: Populasjonsstorleik ca. 3600							
	5,0 %	10,0 %	15,0 %	20,0 %	25,0 %	30,0 %	35,0 %	40,0 %	45,0 %	50,0 %
Utvalsstorleik										
300	2,4 %	3,3 %	3,9 %	4,3 %	4,7 %	5,0 %	5,2 %	5,3 %	5,4 %	5,4 %
400	2,0 %	2,8 %	3,3 %	3,7 %	4,0 %	4,2 %	4,4 %	4,5 %	4,6 %	4,6 %
500	1,8 %	2,4 %	2,9 %	3,3 %	3,5 %	3,7 %	3,9 %	4,0 %	4,0 %	4,1 %
602	1,6 %	2,2 %	2,6 %	2,9 %	3,2 %	3,3 %	3,5 %	3,6 %	3,6 %	3,6 %

	Prosentresultat		Sund: Populasjonsstorleik ca. 5000							
	5,0 %	10,0 %	15,0 %	20,0 %	25,0 %	30,0 %	35,0 %	40,0 %	45,0 %	50,0 %
Utvalsstorleik										
300	2,4 %	3,3 %	3,9 %	4,4 %	4,8 %	5,0 %	5,2 %	5,4 %	5,5 %	5,5 %
400	2,0 %	2,8 %	3,4 %	3,8 %	4,1 %	4,3 %	4,5 %	4,6 %	4,7 %	4,7 %
500	1,8 %	2,5 %	3,0 %	3,3 %	3,6 %	3,8 %	4,0 %	4,1 %	4,1 %	4,2 %
598	1,6 %	2,3 %	2,7 %	3,0 %	3,3 %	3,4 %	3,6 %	3,7 %	3,7 %	3,8 %




# Utvalet i kommunane Fjell, Øygarden og Sund


Fjell, n=1000



Alder




År bodd i kommunen




Øygarden, n=602



Alder




År bodd i kommunen




Sund, n=598



Alder




År bodd i kommunen



# Signifikant fleire for enn mot i Fjell og Sund

## Signifikant fleire mot enn for i Øygarden

1. Det er altså utarbeidd ein intensjonsavtale mellom Fjell, Sund og Øygarden. Er du for eller imot å etablere ein ny kommune?




- I Fjell og Sund er det signifikant fleire som er for enn mot å etablere ein ny kommune.
- I Øygarden er det signifikant fleire som er mot enn for (52 % mot, 36 % mot).
- Signifikant fleire menn enn kvinner og signifikant fleire over 45 år enn under 45 år er *for* i Fjell. I Øygarden er det signifikant fleire mellom 16-29 enn i dei eldre aldersgruppene som er *mot* ein ny kommune. I Sund er det ein tendens til at dei mellom 30-44 år i større grad enn dei andre aldersgruppene er *for*.


	Fjell		Øygarden		Sund	
	For	Mot	For	Mot	For	Mot
<b>Mann</b>	73 %	14 %	38 %	53 %	67 %	19 %
<b>Kvinne</b>	64 %	16 %	35 %	52 %	68 %	18 %
<b>16-29 år</b>	55 %	19 %	27 %	63 %	62 %	20 %
<b>30-45 år</b>	71 %	13 %	40 %	50 %	73 %	8 %
<b>46-59 år</b>	77 %	11 %	40 %	49 %	70 %	19 %
<b>60 år+</b>	72 %	15 %	37 %	50 %	62 %	27 %

# Signifikant fleire er positive enn negative i Fjell og Sund Signifikant fleire er negative enn positive i Øygarden

## 2. Kor negativ eller positiv er du til å danna ein ny kommune?



- I Fjell og Sund er det signifikant fleire som er positive enn negative til å danna ein ny kommune.
- I Øygarden er det signifikant fleire som er negative enn positive (52 % mot 41 %).



Verdi →	Fjell		Øygarden		Sund	
	3+4	1+2	3+4	1+2	3+4	1+2
<b>Mann</b>	77 %	15 %	40 %	55 %	71 %	20 %
<b>Kvinne</b>	76 %	18 %	43 %	50 %	73 %	22 %
<b>16-29 år</b>	65 %	21 %	28 %	66 %	70 %	19 %
<b>30-45 år</b>	82 %	14 %	42 %	51 %	81 %	13 %
<b>46-59 år</b>	81 %	12 %	47 %	49 %	73 %	21 %
<b>60 år+</b>	77 %	18 %	46 %	46 %	66 %	30 %

Verdi 3+4 = Positiv  
Verdi 1+2 = Negativ



# Fjell: Dei viktigaste måla for ein framtidig kommune

3. Kommunane kan ha fleire mål for å byggja ein ny kommune. Kva meiner du er dei tre viktigaste måla for ein framtidig kommune. Eg les no opp fleire alternativ:



- I valet mellom syv mål for ein kommunesamanslåing, er det 58 % av innbyggjarane i Fjell kommune som meiner at auka kvalitet på dei kommunale tenestene er blant dei tre viktigaste måla, etterfølgd av ei meir kostnadseffektiv kommunal drift (53 %) og betre nærings- og samfunnsutvikling (45 %).
- Signifikant fleire kvinner (63 %) enn menn (43 %) og fleire under 45 år (61 %) enn over 45 år (54 %) meiner *auka kvalitet på dei kommunale tenestene* er blant dei tre viktigaste måla.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	535	465	237	264	233	266
1	53%	63%	59%	63%	59%	50%
2	60%	45%	42%	60%	62%	46%
3	46%	42%	51%	47%	47%	35%
4	34%	44%	45%	37%	34%	39%
5	24%	29%	20%	28%	25%	32%
6	23%	23%	24%	21%	19%	28%
7	18%	19%	20%	18%	16%	18%

Svaralternativa er lest i tilfeldig rekkefølge

# Øygarden: Dei viktigaste måla for ein framtidig kommune

## 3. Kommunane kan ha fleire mål for å byggja ein ny kommune. Kva meiner du er dei tre viktigaste måla for ein framtidig kommune. Eg les no opp fleire alternativ:



- I valet mellom syv mål for ein kommunesamanslåing, er det 55 % av innbyggjarane i Øygarden kommune som meiner at auka kvalitet på dei kommunale tenestene er blant dei tre viktigaste måla, etterfølgd av god tilgang til dei kommunale tenestene (48 %) og betre nærings- og samfunnsutvikling (35 %).
- Signifikant fleire kvinner (60 %) enn menn (50 %) og fleire under 45 år (63 %) enn over 45 år (49 %) meiner *auka kvalitet på dei kommunale tenestene* er blant dei tre viktigaste måla.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	290	312	123	150	155	173
1	50%	60%	57%	68%	50%	48%
2	44%	52%	53%	51%	44%	47%
3	38%	32%	33%	39%	40%	29%
4	34%	34%	27%	38%	40%	31%
5	27%	27%	18%	29%	27%	33%
6	26%	27%	26%	24%	28%	29%
7	13%	14%	23%	7%	15%	11%

Svaralternativa er lest i tilfeldig rekkefølge

# Sund: Dei viktigaste måla for ein framtidig kommune

3. Kommunane kan ha fleire mål for å byggja ein ny kommune. Kva meiner du er dei tre viktigaste måla for ein framtidig kommune. Eg les no opp fleire alternativ:




- I valet mellom syv mål for ein kommunesamanslåing, er det 58 % av innbyggjarane i Sund kommune som meiner at auka kvalitet på dei kommunale tenestene er blant dei tre viktigaste måla, etterfølgt av ei meir kostnadseffektiv kommunal drift (48 %) og betre nærings- og samfunnsutvikling (46 %).
- Signifikant fleire menn (53 %) enn menn (42 %) og fleire under 45 år (52 %) enn over 45 år (43 %) meiner *ei meir kostnadseffektiv kommunal drift* er blant dei tre viktigaste måla.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	291	307	140	143	181	134
1	55%	62%	60%	59%	61%	52%
2	53%	42%	47%	58%	48%	37%
3	48%	44%	57%	45%	43%	38%
4	35%	46%	48%	40%	36%	39%
5	28%	39%	26%	35%	35%	38%
6	24%	23%	23%	25%	23%	23%
7	15%	17%	18%	17%	15%	14%

Svaralternativa er lest i tilfeldig rekkefølge

# Samanlikning: Fjell, Øygarden og Sund

## 3. Kommunane kan ha fleire mål for å byggja ein ny kommune. Kva meiner du er dei tre viktigaste måla for ein framtidig kommune. Eg les no opp fleire alternativ:




- Auka kvalitet på dei kommunale tenestene kommer på topp i dei tre kommunane.
- Rekkjefølgja på dei syv måla er den same i Fjell og Sund, medan innbyggjarane i Øygarden nemner god tilgang til dei kommunale tenestene oftare enn innbyggjarane i Fjell og Sund. Signifikant fleire i Fjell og Sund enn i Øygarden nemner betre nærings- og samfunnsutvikling. Signifikant fleire i Sund enn i Fjell og Øygarden nemner desentralisert busetnad med levande bygder.

Plassering/rangering	Fjell	Øygarden	Sund
Auka kvalitet på dei kommunale tenestene	1	1	1
Ei meir kostnadseffektiv kommunal drift	2	4	2
Betre nærings- og samfunnsutvikling	3	3	3
God tilgang til dei kommunale tenestene	4	2	4
Desentralisert busetnad med levande bygder	5	5	5
Eit godt lokaldemokrati	6	6	6
Styrkja felles kultur, språk og identitet	7	7	7

# Fjell: Tenester i ein ny kommune

4. Korleis trur du følgjande tenester vert i ein ny kommune? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lågast (mykje dårlegare) og 5 er best (mykje betre). Dei kommunale oppgåvene er:

**Gjennomsnittsverdi:** 1,00 om alle hadde svart mykje dårlegare, 5,00 om alle hadde svart mykje betre (3,00 er midtpunktet)




Tal i prosent, n=1000  
 Tenester er læst i tilfeldig rekkefølge  
 Sortert på «Mykje betre» (verdi 5-1)

# Øygarden: Tenester i ein ny kommune

4. Korleis trur du følgjande tenester vert i ein ny kommune? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lågast (mykje dårlegare) og 5 er best (mykje betre). Dei kommunale oppgåvene er:

**Gjennomsnittsverdi:** 1,00 om alle hadde svart mykje dårlegare, 5,00 om alle hadde svart mykje betre (3,00 er midtpunktet)



Tal i prosent, n=602

Tenester er lest i tilfeldig rekkefølge


Sortert på «Mykje betre» (verdi 5-1)



# Sund: Tenester i ein ny kommune

4. Korleis trur du følgjande tenester vert i ein ny kommune? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lågast (mykje dårlegare) og 5 er best (mykje betre). Dei kommunale oppgåvene er:

**Gjennomsnittsverdi:** 1,00 om alle hadde svart mykje dårlegare, 5,00 om alle hadde svart mykje betre (3,00 er midtpunktet)



Tal i prosent, n=598


Tenester er læst i tilfeldig rekkefølge

Sortert på «Mykje betre» (verdi 5-1)

# Gjennomsnittsverdier: Tenester i ein ny kommune

4. Korleis trur du følgjande tenester vert i ein ny kommune? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lågast (mykje dårlegare) og 5 er best (mykje betre). Dei kommunale oppgåvene er:

**Gjennomsnittsverdi:** 1,00 om alle hadde svart mykje dårlegare, 5,00 om alle hadde svart mykje betre (3,00 er midtpunktet)



# Gjennomsnittsverdier: Tenester i ein ny kommune


4. Korleis trur du følgjande tenester vert i ein ny kommune? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lågast (mykje dårlegare) og 5 er best (mykje betre). Dei kommunale oppgåvene er:

Gjennomsnittsverdi: 1,00 om alle hadde svart mykje dårlegare, 5,00 om alle hadde svart mykje betre (3,00 er midtpunktet)	Fjell	Øygarden	Sund
Helsetenester	3,6	2,9	3,6
Barnevern	3,5	3,2	3,6
Pleie og omsorg i heimen	3,3	2,7	3,3
Pleie og omsorg i institusjonen	3,5	2,9	3,5
Barnehagetilbod	3,5	3,0	3,5
Skule- og skulefritidsordning (SFO)	3,4	3,0	3,5
Byggesaksbehandling	3,2	2,9	3,3
Tilbod innan kultur, idrett og fritid	3,6	3,3	3,6
Økonomistyring	3,6	2,9	3,7
Næringsutvikling	3,9	3,2	3,7
Gje innbyggjarane høve til å påverka utviklinga i kommunen	3,0	2,4	2,9
<i>Gjennomsnitt (11 tenester)</i>	<b>3,46</b>	<b>2,95</b>	<b>3,47</b>

# Fjell: Avstand til kommunale tenester

5. Kor viktig er avstanden til følgjande kommunale tenester? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lite viktig og 5 er svært viktig.

**Gjennomsnittsverdi:** 1,00 om alle hadde svart lite viktig, 5,00 om alle hadde svart svært viktig (3,00 er midtpunktet)




Tal i prosent, n=1000  
 Tenester er lest i tilfeldig rekkefølge  
 Sortert på «Svært viktig» (verdi 5-1)

# Øygarden: Avstand til kommunale tenester

5. Kor viktig er avstanden til følgjande kommunale tenester? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lite viktig og 5 er svært viktig.

**Gjennomsnittsverdi:** 1,00 om alle hadde svart lite viktig, 5,00 om alle hadde svart svært viktig (3,00 er midtpunktet)



Tal i prosent, n=602


Tenester er lest i tilfeldig rekkefølge

Sortert på «Svært viktig» (verdi 5-1)

# Sund: Avstand til kommunale tenester

5. Kor viktig er avstanden til følgjande kommunale tenester? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lite viktig og 5 er svært viktig.

Gjennomsnittsverdi: 1,00 om alle hadde svart lite viktig, 5,00 om alle hadde svart svært viktig (3,00 er midtpunktet)



Tal i prosent, n=598  
 Tenester er lest i tilfeldig rekkefølge  
 Sortert på «Svært viktig» (verdi 5-1)




# Gjennomsnittsverdier: Avstand til kommunale tenester

5. Kor viktig er avstanden til følgjande kommunale tenester? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lite viktig og 5 er svært viktig.

## Gjennomsnittsverdi:

1,00 om alle hadde svart lite viktig,  
5,00 om alle hadde svart svært viktig  
(3,00 er midtpunktet)



# Gjennomsnittsverdier: Avstand til kommunale tenester

5. Kor viktig er avstanden til følgjande kommunale tenester? Du vurderer langs ein skala frå 1 til 5 der 1 er lite viktig og 5 er svært viktig.

Gjennomsnittsverdi: 1,00 om alle hadde svart lite viktig, 5,00 om alle hadde svart svært viktig (3,00 er midtpunktet)	Fjell	Øygarden	Sund
Helsetenester	4,3	4,4	4,4
Barnevern	3,2	3,4	3,4
Pleie og omsorg	4,0	4,2	4,2
Barnehagetilbod	4,0	4,0	4,2
Skule- og skulefritidsordning (SFO)	4,1	4,2	4,3
Byggjesaksbehandling	3,1	3,3	3,2
Tilbod innan kultur, idrett og fritid	3,8	4,0	3,9
Rådhuset	2,8	3,2	2,7
<i>Gjennomsnitt (8 kommunale tenester)</i>	<b>3,66</b>	<b>3,84</b>	<b>3,79</b>



Innsikt som bringer deg videre

**opinion.no**

Opinion AS  
Maridalsveien 13E  
0178 OSLO  
T: 21 300 400  
E: [post@opinion.no](mailto:post@opinion.no)